



Alfred Einar Mjelde
Selfallet 82
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8931 - 22/5155

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
19.01.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 443/101 Toska

Tiltak: kaifront
Byggjestad: Gbnr: 443/101
Tiltakshavar: Terje Birkeland
Ansvarleg søkjar: Alfred Einar Mjelde

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.10.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltak og dispensasjon må nabovarslas. Kart og teikningar omtala under punkt nr. 2 og punkt nr. 3, skal vedleggast nabovarsel. Det same gjeld søknad, og eventuelt anna relevant informasjon.

Gjenpart av nabovarsel og eventuelle merknader, skal sendast kommunen og leggst til saka for vidare handsaming.

2. Planteikning som syner tiltak, og situasjonen rundt elles.
3. Terrengnitt som syner tilhøvet mot sjø, og situasjonen på land.

Generelt skal alle teikningar vera målsett, illustrert med mål også på avstand til byggegrense, nabogrense, veg, samt andre bygningar i nærleiken, mm.

4. Vidare må tiltak med ansvarleg føretak også opplysa om kven som er ansvarleg søkjar, og levere inn gjennomføringsplan.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan 16.02.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Etterspurd dokumentasjon sendes til post@alver.kommune.no

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alfred Einar Mjelde
Terje Birkeland

Selfallet 82
Mobergsbakken 18

5936 MANGER
5200 OS